

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

29

Fylke:

Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Smillfjord

Emne:

Julenissen

Bygdelag:

Oppskr. av:

Ole Selnes

Gard:

(adresse):

H. Langhelles veg. 4.
Tr. Kvern.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Nær som eg har høyrte av fleire.

SVAR

1.

Julenissen som deler ut julegaver har vore kjend så langt folk veit av. Men det er helst frå litteratur og den slags.

Her er det berre i det siste at han er vanleg når det gjeld utdeling av gaver. Før var det ikkje vanleg.

Men i det siste 20 åra ca. kan ein høyre om det. Han kjem om julekvelden og deler ut pakkar til alle i huset - eller berre til borna.

I mange heimar går det ikkje nå heller julenisse.

2.

Han har med alle gavene, og får ingenting for strevet.

3.

Det kan vere far i huset eller en av de litt større gutane o.s.b.

Her er ingen regel.

4. 3

Han må ha markte med stigg, og elles mest like slike som er på julekort.

5.

Nå kjøper ein helst masker.

6.

Julebukke er utkjend her. Ein
 kjemmer godt namnet, og truleg var
 det vanleg ein gong i tida.

7

Kan ikkje seie noko.

8.

Dei fleste tenkjer nok på nan som
 i gamle dagar åt julegrant.

9.

Nei, nokon slik tradisjon har ein
 ikkje her.